


Lokalhistoriewiki for begynnara

På Lokalhistoriewiki er alle velkomne til å bidra med bilete, artiklar og informasjon om smått og stort som er lokalt og historisk orientert. Wikien vert driven av Norsk lokalhistorisk institutt ved Nasjonalbiblioteket.




1. Opprett konto

- For å registrere deg som brukar på Lokalhistoriewiki, klikkar du på «Opprett konto» og fyller ut skjemaet som kjem opp.
- No skal du ha fått ein e-post med ei lenkje du må klikke på før du kan byrje å arbeide i wikien.



2. Innlogga brukar


- Når du har oppretta konto, vert det automatisk laga egne sider knytte til din brukar.
- Skriv gjerne litt om deg sjølv på brukarsida, som kjem opp når du klikkar på namnet ditt.
- På samtalesida kan andre brukarar stille deg spørsmål og gi tilbakemeldingar på artiklar og bilete du har arbeidd med. Når det er nye innlegg på samtalesida di, kjem det opp ei oransje stripe som du kan klikke på. Du kan også skrive innlegg på samtale-sidene til andre brukarar.
- I innstillingane dine kan du endre språk til nynorsk.



3. Lage ein ny artikkel

Når du skal finne ein artikkeltittel, tenk på kva du ville leitt etter i eit leksikon. Ver merksam på at andre allereie kan ha skrive om «temaet ditt». Difor er det lurt å starte med å søkje på temaet i wikien. Hugs at ord kan vere skrivne på mange måtar og at andre brukarar kan ha brukt heilt andre ord enn det eller dei du tenkjer å bruke. [3a]

Du kan søkje i titlane eller i innhaldet til artiklane (skriv då søkje-ordet og rull ned til «som inneheld»). Om du ikkje får nokon treff på artikkeltittelen, dukkar det opp ei oppmoding om å opprette sida (artikkelen) og ei raud lenkje som du klikkar på. [3b]



3a




3b

4. Utforming av artikkelen


No er du klar til å skrive ein artikkel! Pass på at det er fana Opprett/Endre som er aktivert over skrivevindauget (teksten på fana vil då vere i svart, ikkje blå skrift).

I punkta under får du hjelp til grunnleggjande formatering av teksten:



- Merk teksten du vil bruke som mellomtittel og klikk på «Overskrift». Dette er standard format for mellomtitlar i wikien. [4a]
- Merk ord du vil framheve og klikk så på «Feit» eller «Kursiv». [4b]




- Merk teksten du vil lenkje og klikk på lenkjesymbolet. Då får du opp ein boks som automatisk søker etter artklar i Lokalhistorie-wiki. Klikk på eit av forslaga som kjem opp og så på «Ferdig». Klikk på fana «Ekstern lenkje» om du vil lenkje til ein annan nettstad og lim inn adressa (url-en). [4c]
- Merk teksten du vil gjere om til liste og klikk på «Punktliste» eller «Nummerert liste». [4d]



- Klikk i artikkelteksten på staden du vil setje inn eit bilete og så på «Sett inn media». [4e] Du vil no få opp ein boks med eit automatisk søk på artikkelttittel, men du kan òg søkje på ord i skildringa av biletet. [4f] Om du legg til ei stjerne (*) etter ordstamma, søker du på fyrste del av ordet (trunkering). Klikk på biletet og på «Bruk dette biletet». [4g]



- Klikk fyrst på dei tre strekane øvst til høgre i skrivevindauet, og så på «Kategoriar», som er ein slags emneord. [4h] Du vil då få opp ein boks. Når du byrjar å skrive i feltet «Legg til ein kategori», søker du i kategoriane som allereie finst i wikien. Bruk fantasien og tenk alternativ om ordet ditt blir raudt. Kanskje har vi brukt ein annan term. Du kan leggje inn fleire kategoriar før du klikkar «Bruk endringar». [4i] Om du angrar, kan du klikke på kategorien og søppelbytte-symbolet.



5. Kjelder og litteratur

Det er viktig at alle artiklar har kjelde- eller litteraturtilvisingar. Dei gjer at andre kan sjå kvar du har ei opplysning frå. Bruk standard overskrift.

Kjelder og litteratur [rediger | rediger kilde]

- *Adresseavisen*, 18. februar 1936: Dødsfall
- Ole Ingebrigtsen Strømme ↗ i Historisk befolkningsregister.
- Ole Ingebrigtsen ↗ i folketelling 1900 for Sykkylven herred fra Digitalarkivet
- Ole Ingebrigtsen Strømme ↗ i folketelling 1910 for Sykkylven herred fra Digitalarkivet
- Gardssoge for Sykkylven, bd. 2.



lokalhistoriewiki.no

Om wikien

Hjelpesider

Diskusjonsforum

Tilfeldig artikkel

Siste endringer

Kategorier

Kategorisnittsøk

Kontakt oss

Avdelinger

Allmenning

Norsk historisk
leksikon

Bibliografi

Kjeldearkiv

Galleri

Rettleiing og metode

Forsider

Geografi

Emner

Verktøy

Lenker hit

Relaterte endringer

Last opp bilde

Spesialsider

Utskriftsvennlig versjon

Permanent lenke

Sideinformasjon

6. Last opp bilete

Klikk på «Last opp bilde» i venstremenyen. Du kjem då til ei side som guidar deg gjennom opplastinga av ulike typar bilete.

7. Hjelpesider i wikien

Frå venstremenyen kan du også klikke deg inn på «Hjelpesider» som leier deg vidare til nyttige hjelpesider og annan informasjon om Lokalhistoriewiki.

8. Ta kontakt!

Ikkje nøl med å ta kontakt med oss på Norsk lokalhistorisk institutt om du synest det er vanskeleg å komme i gang eller om det dukkar opp spørsmål undervegs i arbeidet! Vi arrangerer med jamne mellomrom også kurs og wikiverkstader, som vi informerer om i wikien.

Telefon: 23 27 60 00

E-post: nli@nb.no

www.lokalhistoriewiki.no

På framsida ser vi bjørnen «Lillebjørn», som ingeniør Bjarne Hansen tok med til Notodden i 1906, og som vart ein slags maskot på Sam Eydes fabrikk der. Foto: Ukjent / Nasjonalbibliotekets biletsamling.